


ÅL KOMMUNE

# INFORMASJON OM SKULEFRITIDSORDNING/SFO

**I dette heftet er det samla informasjon som kan vere  
nyttig når barnet dykkar har fått tildelt SFO-plass**



## **LOV OM OPPLÆRING**

Lom om opplæring er grunnleggjande for drift av Skulefritidsordninga (SFO). Vidare fylgjer utdrag av lova, § 13-7:

*Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.*

*Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.*

## **ADMINISTRATIV TILKNYTNING**

Skulane og SFO'ane i Ål er knytt til oppvekstsektoren. Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) er sektoren sitt politiske organ. All sakshandsaming til SUKO blir førebudd ved oppvekstkontoret. SFO-opptaket blir gjort administrativt og rektor har opptaksmynde. Rektor er arbeidsgjevar sin representant i den einskilde skule og SFO, og kommunalsjef for oppvekst er rektor sin næraste overordna. Saker som rektor ikkje kan avgjere blir sendt vidare til kommunalsjefen.

Det er viktig at alle kjenner oppbygginga av strukturen slik at dei når fram med sine saker til rette vedkomande og dermed får hjelp så raskt som mogleg.

## **DIMENSJONERING AV TILBODET**

I Ål er det eit mål å ha SFO-tilbod ved kvar barneskule. Hovudopptaket med søknadsfrist 1. mars kvart år, er førande for dimensjonering av tilbodet ved kvar skule. Etter vedtektene skal det vere minst 6 påmeldte før det blir oppretta eit tilbod.

## **OPNINGSTIDER SFO**

SFO har opningstid frå kl 07.30 og fram til skulen startar om morgon, og frå skuleslutt og fram til 16.30, under føresetnad av at det vert gjeve tilbod både før og etter skuletid.

SFO er open på alle dagar som inngår i skuleruta. SFO er stengt i jule- og påskeferie, på planleggingsdagar og andre fridagar jf skuleruta.

## **FERIE-SFO**

Ein av skulane i sentrum arrangerer ferie-SFO. Det vert gjeve tilbod om ferie-SFO i juni, august, haust- og vinterferie. Det vert sendt ut ei bindande påmelding og det må vere minst åtte påmeldte for å opprette eit tilbod om ferie-SFO. Ferie-SFO inngår ikkje i den ordinære betalinga.

## **ENDRING ELLER OPPSEIING AV SFO-PLASS**

SFO-plassen vert tildelt for eitt år om gongen. Ein tildelt SFO-plass kan endrast eller seiast opp dersom behovet endrar seg i løpet av året. Søknad om endring av SFO-plass (endring av dagval og utviding eller redusering av SFO-plass) og oppseiing av heile SFO-plassen skal skje elektronisk via Visma Flyt Skule sin foreldreportal. Link til foreldreportalen er: <https://skole.visma.com/aal/> eller du finn den på heimesida til Ål kommune [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

Det er to månader oppseiingsfrist. Oppseiinga vert rekna frå den 1. i månaden etter at den er motteken. Det er ikkje høve til å seie opp plassen innanfor eit SFO-år etter 1. april. Plassen må seiast opp før 1. februar, og barnet må takast ut før 1. april.

Bytte av plass pga. tilbud i kulturskulen kan meldast inn utan oppseiingstid innan 25. august på e-post til [oppvekstkontoret@aal.kommune.no](mailto:oppvekstkontoret@aal.kommune.no). Endringar er avhengig av ledige plass.

## **BETALINGSSATSAR/BETALINGSREGLEMENT**

Fylgjande betalingsattsar/betalingsreglement gjeld frå 01.01.2021:

### 1. Betalingssats

0-6 timar	kr 1 100,- pr. måned
6,05-10 timar	kr 1 650,- pr. måned
10,05-16 timar	kr 2 150,- pr. måned
Over 16 timar	kr 2 500,- pr. måned

### 2. Moderasjonsordningar

a) Reduksjon i foreldrebetalinga for elevar med SFO-plass på 1. - 4. trinn.

Ingen familiar skal bruke meir enn maksimalt seks prosent av inntekta til å betale for ein SFO-plass. Gjeld hushaldningar som kan dokumentere ei samla skattepliktig kapital- og personinntekt på mindre enn kr 416 667,- jf. siste skattemelding.

b) Gratis SFO for elevar på 5.-7. trinn med særskilde behov og som er tildelt SFO-plass.

### 3. Ferie-SFO

Kr 200,- pr. dag

### 4. Mat i SFO

Mat i SFO skal vere sjølvfinansiert og kjem i tillegg til sats for foreldrebetaling.

### 5. Leksehjelp

Dersom leksehjelp vert lagt til eit tidspunkt med SFO, skal denne tida kome til fråtrekk.

### 6. For sein henting

Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, må etter ein skriftleg advarsel betale kr 200,- pr. påbegynt ½ time ved for sein henting.

### 7. Utsending av faktura

Det vert sendt faktura for tilbodet som fylgjer skuleruta fordelt på 11 månader. Ev. ferie-SFO vert fakturert i tillegg. Forfallsdato den 20. i kvar måned.

### 8. Manglande betaling

Ved manglande foreldrebetaling i meir enn to månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.

**SKULESKYSS**

Elevar som har SFO har ikkje rett på skuleskyss til/frå skulen dei dagane dei har meldt seg på SFO. Dersom eleven likevel ynskjer å fylgje ordinær skuleskyss, må det betalast billettpris. Dette må dekkjast av foreldre/føresette.

**VEDTEKTER**

Det er utarbeidd vedtekter for SFO i Ål kommune. Sjå neste side.

## KOMMUNALE VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I ÅL KOMMUNE

Vedteken av kommunestyret 16.10.03 (sak 84/03)  
Endra i sektorutval for oppvekst 24.06.08 (sak 14/08)  
Vedteke i kommunestyret sak 1/16

<b>§ 1 EIGAR</b>	Ål kommune er eigar av SFO ved Leveld skule, Nedre-Ål skule, Skattebøl skule og Torpo skule.
<b>§ 2 FORVALTNING</b>	<p>SFO skal drivast i samsvar med Lov om opplæring og dei forskrifter og retningsliner som ei kvar tid gjeld for drift av SFO.</p> <p>Sektorutval for kultur og oppvekst (SUKO) er politisk fagutval. Endringar av vedtektene for SFO kan vedtakast av SUKO. Større endringar og prinsipielle endringar skal leggjast fram for kommunestyret.</p> <p>Det blir arrangert eitt foreldremøte kvart skuleår.</p>
<b>§ 3 FORMÅL</b>	<p>SFO er eit frivillig tilbod til barn før og etter skuletid i 1.-4. trinn, og for barn med særskilde behov i 1.-7. trinn. Der det er ledige plassar kan sektoren/skulen vurdere å gje tilbod til barn utover 4. trinn.</p> <p>SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og lekser med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser. Ordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsmoglegheiter. Areala, både ute og inne, skal vere egna for føremålet.</p> <p>Kommunen vil så langt råd er, ha tilbod om SFO ved den einskilde skule, men er avhengig av tal påmeldte elevar.</p>
<b>§ 4 LEIING</b>	<p>Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for SFO-ordninga ved skulen.</p> <p>Rektor skal i samarbeid med dei SFO-tilsette utarbeide ein årsplan for verksemda. Planen skal innehalde mål, organisering og innhald for drifta. SFO-tilsette skal etter behov delta på skulen sine klasseforeldremøte og på konferansetimar.</p>
<b>§ 5 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL</b>	<p>SFO har ei anna organisering av barnegruppa og eit anna innhald enn skulen. Dette krev at dei fysiske tilhøva ligg til rette. Skulen nyttar definert SFO-lokale som hovudbase, men kan også nytte andre rom på skulen ved behov. SFO nyttar uteområdet til skulen.</p>
<b>§ 6 BEMANNING</b>	<p>Bemanningsnormen er 1 vaksen pr. 12 barn. For barn med særskilte behov kan det tilsettast ekstra personale etter sakkunnig vurdering og enkeltvedtak.</p>

<p><b>§ 7 SØKNAD OG OPPTAK</b></p>	<p>Opptaksperioden er for eitt år. Hovudopptak skjer om våren før nytt skuleår. Hovudopptaket blir kunngjort i lokalavisa og har søknadsfrist 1. mars. Søknader i hovudopptaket er avgjerande for dimensjonering av tilbodet ved kvar einiskild skule.</p> <p>Løpande opptak elles i året, men er avhengig av ledig kapasitet utan at det skal tilsetjast fleire.</p> <p>Det må vere minst seks barn som er påmeldt samtidig ved kvar skule i hovudopptaket for at det skal opprettast eit tilbod. Er det færre enn seks barn som ynskjer SFO samtidig, bør samarbeid med barnehagar eller andre skular drøftast.</p> <p>Det er lagt til rette for elektronisk søknad. Denne er å finne på <a href="http://www.aal.kommune.no">www.aal.kommune.no</a></p> <p>Rektor ved den einskilde skule har opptaksmynde. Skulen sitt vedtak om tildeling eller avslag på søknad er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Klage på skulen sitt vedtak skal sendast oppvekstkontoret via skulen. Klageinstans er SUKO.</p>
<p><b>§ 8 OPPTAKS- KRITERIUM</b></p>	<p>Fylgjande kriterium skal leggjast til grun ved opptak av barn til SFO etter slik prioritet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Funksjonshemma barn</li> <li>2. Barn med spesielle behov</li> <li>3. Nye barn skal takast inn etter alder slik at dei yngste vert prioritert</li> </ol>
<p><b>§ 9 OPPSEIING</b></p>	<p>Oppseiing av SFO-plass, også delar av ein plass, skal skje med to månader varsel. Oppseiingar vert rekna frå den 1. i månaden etter at oppseiinga er motteke.</p> <p>Ved oppseiing etter 1. april skal det betalast for plassen fram til sommarferien.</p> <p>Oppseiingar som fører til at det blir færre enn 6 elevar tilstades samtidig, kan føre til at tilbodet vert lagt ned.</p> <p>Oppseiingar av heile eller delar av SFO-plassen skal meldast inn via elektronisk skjema. Dette er lagt ut på <a href="http://www.aal.kommune.no">www.aal.kommune.no</a></p> <p>Bytte av plass pga tilbod i kulturskulen kan meldast inn utan oppseiingstid innan 25. august på e-post til <a href="mailto:oppvekstkontoret@aal.kommune.no">oppvekstkontoret@aal.kommune.no</a>. Endringar er avhengig av ledig plass.</p>
<p><b>§ 10 BETALING FOR SFO</b></p>	<p>SFO skal vere sjølvfinansiert og kommunen kan kreve utgiftene til SFO dekt gjennom eigenbetaling frå foreldra. Mat i SFO kan kome i tillegg til sats for foreldrebetaling. Satsar for SFO vert fastsett i budsjetthandsaminga kvart år. Satsane kan endrast i løpet av året dersom ordninga går i underskot.</p> <p>Det vert sendt faktura fordelt på elleve månader.</p> <p>Føresette som gjentatte gonger ikkje hentar sine barn til rett tid, må etter ein skriftleg advarsel betale ein fastsett sats pr. påbegynt ½ time ved for sein henting.</p>

	<p>Ved manglande foreldrebetaling i meir enn to månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.</p> <p>Betalingsreglement er å finne på <a href="http://www.aal.kommune.no">www.aal.kommune.no</a></p>
<p><b>§ 11 OPNINGSTID</b></p>	<p>Opningstid kl 07.30 til skulestart og frå skuleslutt til kl 16.30. Opningstida kan flyttast eller kortast ned etter kartlegging ved den einskilde skule.</p> <p>SFO er open på alle dagar som inngår i skuleruta.</p> <p>SFO er stengt i juli, jule- og påskeferie, på planleggingsdagar og andre fridagar i skuleåret jf skuleruta.</p> <p>Dersom ein elev ikkje kan møte på SFO som avtalt, må det meldast frå til skulen.</p>
<p><b>§ 12 FERIE-SFO</b></p>	<p>Ferie-SFO inngår ikkje i den ordinære påmeldinga.</p> <p>Nedre-Ål skule arrangerer ferie-SFO for alle skulane i kommunen. Det er ferie-SFO i juni, august, haust- og vinterferie. Påmeldinga er bindande. Det må vere minst åtte påmeldte kvar dag for at det skal opprettast eit tilbod om ferie-SFO.</p>
<p><b>§ 13 SKYSS</b></p>	<p>SFO er ei frivillig ordning. Elevar med SFO-ordning har ikkje rett på gratis skuleskyss dei dagane dei er påmeldt SFO.</p>
<p><b>§ 14 POLITIATTEST</b></p>	<p>Dei som skal arbeide i SFO må leggje fram tilfredsstillande politiattest jf Lov om opplæring.</p>
<p><b>§ 15 TEIEPLIKT</b></p>	<p>Alle som arbeider i SFO har teieplikt etter Forvaltningslova § 13.</p>

Har du spørsmål? Ta kontakt med skulen eller sjå heimesida til Ål kommune: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)

**ME YNSKJER DYKK VELKOMEN TIL SFO VED SKULANE I ÅL!**